

HYLLESTADSEMINARET

Målsetjinga med seminara er å spreie kunnskap om kvernsteinsdrifta og nærliggjande tema i fagmiljø både innanlands og utanlands, og å gjere lokalsamfunnet medvite om kva ressursar ein sit med, skal ta vare på og hauste av.

Vi meiner dette best kan gjerast ved å kombinere forelesingar på høgt fagleg nivå med opplevinga av området og dei synlege restane etter produksjonen.

Det første seminaret om kvernstein vart gjennomført i 1998 med mellom anna bergarten i kvernberget og eksport av åfjordstein som tema.

I 2004 vart seminaret "Der store steinkrossane langs Vestlandskysten" gjennomført.

I 2005 var temaet "Stein som handelsvare i vikingtid og tidleg mellomalder".

Vi har ambisjonar om at Hyllestadseminaret skal verte ein årleg institusjon framover.

Fagnemnd for Hyllestadseminaret:

Professor i arkeologi Ingvild Øye, amanuensis v/Bergen sjøf.museum Arild Marøy Hansen, amanuensis i geologi Øystein Jansen, professor i historie Knut Helle, spesialrådgjevar Lidvin Osland, historikar Finn B. Førund og prosjektleiar Astrid Waage (sekretær).

KVERNSTEINSBROTA I HYLLESTAD

Då den siste kvernsteinen vart hogd tidleg i 1930-åra, visste ikkje folk i Hyllestad at produksjonen her var meir enn tusen år gamal. Gjennom ei arkeologisk gransking er det dokumentert at kvernsteinshogginga i alle høve går attende til 700-talet.

Produksjonen nådde eit toppunkt i mellomalderen, og kvernstein til handkverner vart eksportert til omlag heile Nord- og Østersjøområdet. Åfjordsteinen var frå slutten av 900-talet og fram til ca. 1600 omlag einerådande som kvernstein i det gamle danske riket i Østersjøen.

Med sine 27 km² utgjer kvernsteinsbrota i Hyllestad eit av dei største kulturminna i landet. Det er ein bergart med kyanittførande granatglimmerskifer som er grunnlaget for den omfattande kvernsteinsproduksjonen.

Granatglimmerskiferen let seg og lett forme til andre produkt som steinkrossar, gravheller, ljoresteinar m.m. Det er dokumentert at meir enn halvparten av dei store steinkrossane langs Vestlandskysten, kjem frå Hyllestad.

HYLLESTADSEMINARET 2006

Med geolog og arkeolog i steinhoggaren sine fotefar

- tusen år etter -



*Fagseminar i Hyllestad
22. og 23. april 2006*

Arrangørar:

Hyllestad kommune v/Kvernsteinsnemnda
Kvernsteinslauget
Folkeakademiet Hyllestad

Seminaret er støtta av
Sogn og Fjordane fylkeskommune

PROGRAM

Laurdag 22.april:

Kl. 10.00 Frammøte på Hyllestad skule, registrering, kaffe/te

Kl. 10.20 Opning av seminaret
Ordførar Harry Mowatt
Professor Ingvild Øye

Kl. 10.45 Introduksjon til vandring i brotområda på Rønset
- v/arkeolog Irene Baug
- v/geolog Tom Heldal
Introduksjon til lasting av stein på Otringsneset
- v/amanuensis Arild M. Hansen

Kl. 13.00 Lunsj

Kl. 14.00 Avreise til Rønset

Kl. 14.15 Vandring i gruvelandskapet
Irene Baug og Tom Heldal kommenterer og forklarar

Kl. 16.15 Utskiping av kvernstein: demonstrasjon av lasting m.m
Arild Marøy Hansen

Kl. 17.00 Avslutning, felles buss til Hyllestad

Kl. 18.30 Felles buss til Skor
- orientering om vassbruksmiljøet
- demonstrasjon av kvern og sag

Kl. 20.00 Middag m/sosialt samvær i gamleskulen i Skor

Sundag 23.april:

Kl. 09.30 Kulturinnslag

Kl. 09.45 Handtverk og teknikk i kvernsteins- og krosshogginga
Atle Ove Martinussen NHU og
Torbjørn Løland Åfjordstein

Kl. 10.30 Demonstrasjon av hogging

Kl. 12.00 Avslutning på seminaret

Kl. 12.30 Lunsj, heimreise



PÅMELDING TIL:

Hyllestad kommune
Kulturkonsulent Sigrid Solberg
Tlf/fax/mail: 577 89 541/577 88 695
sigrid.solberg@hyllestad.kommune.no

innan onsdag 12.april 2006.

Deltakaravgift:

Ein dag: kr. 250 / To dagar: kr. 350
Enkel lunch og busstransport inkludert

Overnatting:

Leirvik Kro og Motell tlf 57 78 89 20
Storelia hytter og motell tlf 57 78 91 26
Rom på feriehytter (sjølvhushald)

Praktiske opplysningar:

Reisemåte: Ekspressbåt frå Bergen, Sogn og Nordfjord til Rysjedalsvika.
Ekspressbussar nord/sør, aust/vest stoppar i Lavik.
Lunsj vert å få kjøpt begge dagar.

Programfaldaren er betalt av:



Åfjordstein
Torbjørn Løland
6957 Hyllestad
Tlf.: 57788380 - Mob: 95277156
e-post: torbjorn.loland@eninvest.no
www.aafjordstein.no